



Notat

Dato: 14.08.2014
Arkivsak: 2014/2-45
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Husleige ved studiestader for Fagskulane i Hordaland

Dei vidaregåande skulane har ikkje høve til å krevje husleige frå Hordaland fylkeskommune sine fagskular for kostnadar som skulane vert kompensert for over budsjettet. Dette gjeld utgifter til straum, eventuelt husleige og kommunale utgifter.

Dersom ein vidaregåande skule likevel krev husleige for desse kostnadene vil skulen sitt budsjett verte redusert tilsvarande.